

OPPOSISJONEN I USA

Frå midten av september 1964 og fram til våren 1965 var Berkeley, University of California, scene for dei hardaste kampene mellom studentar og styresmakter som til då hadde funne stad i USAs historie. Desse hendingane markerte overgangen til ein ny fase i opposisjonell aktivitet i Sambandsstatane. Hal Drapers brosjyrettekst frå oktober 1964 (jfr. Drapers artikkel i dette heftet) gir eit adekvat bilde av tankane, førestillingane og emosjonane til dei radikale studentane ved Berkeley den hausten. Her merkar vi ein moralsk harme, ein patetisk og stundom nærpå sentimental agitasjon. Og det som då aller mest karakteriserte den nye studentradikalismen – og som framleis skil han klårt frå den europeiske opposisjonen – kjem tydeleg fram i denne teksten: På den eine sida eit uhorveleg potensial av radikale energiar, men på den andre sida ein slående mangel på teoretisk og strategisk tenking. Dette særtrekket kan vi skjønne berre ved å sjå det i historisk perspektiv.

Big business i USA gikk styrka ut av den andre verdskrigen. Serleg produksjonen av krigsutstyr gjorde at den amerikanske kapitalismen ikkje berre kom over Den store depresjonen, men mot slutten av krigen oppnådde det inntil i dag høgste aktivitetsnivået etter 1907. Verkemidla som Keynes hadde foreslått i teoriane sine og New Deal-politikken i 30-åra vart ei avgjerande lære for den herskande klassen: statleg intervensjonisme i næringslivet og relativt høg sysselsetting sikrar ikkje berre politisk stabilitet, men også, rikelege og stabile profittar. Men samstundes med at dei finanssterke tok lærdom at New Deal-«koalisjonens» politikk, så frykta dei at eit comeback av desse kreftene i etterkrigstida kunne bli ein hemske for den amerikanske imperialismen sin ekspansjon og føre til ei styrking av venstreopposisjonen. Korstoget mot sosialistar og kommunistar i etterkrigsåra hadde ein nær samanheng med dette saksforholdet. Det veldige konjunkturoppsvinget og skremselshistoriene om stalinismen gjorde at den paranoide antikommunistiske propagandaen hadde ein djuptgåande verknad på opinionen i USA.

Det totale nederlaget for Progressive Party ved vala i 1948 medførde at den veikt organiserte venstrekoalisjonen gjekk i oppløysing. Vidare vart *National Citizens Political Action Committee* splitta, og mange av dei liberale medlemmene slo lag med dei mest hysteriske antikommunistane. Dei venstreorienterte fagforbunda vart ekskluderte frå landsorganisasjonen CIO. Folk i leiarposisjonar i kommunistpartiet vart stilte for domstolane og dømde under *The Smith Act*. Partikommunistane vart isolerte i endå større grad på grunn av sin blinde lojalitet mot stalinismen. På toppen av dette kom McCarthy-terroren. Alt tidleg i 50-åra var «Det gamle venstre» knust, og så godt som all opposisjon var slokna.

Under desse tilhøva var det berre få grupper eller individ som prøvde å halde liv i den radikale tradisjonen i USA. Det var stort sett folk som var knytte til universiteta. Ei av desse gruppene var redaktørane av det framståande marxistiske tidsskriftet *Monthly Review* og medarbeidarane deira (utgitt frå 1949 med blant andre Albert Einstein som støttespelar).

Den nye opposisjonen som voks fram ved universiteta først i 60-åra, hadde ikkje sine røtter i dei overvintra restane av Det gamle venstre. Svært få av studentane ved Berkley var sosialistar hausten 1964. Dei nye opposisjonelle var radikale liberalarar som tok til å oppdage gapet mellom den herskande ideologien og dei sosiale kjensgjerningane. Det var ungdommar som vart opprørte over det småborgarlege hykleriet i det amerikanske samfunnet og over lenestolsintellektualismen til mange av professorane. Det var intelligente studentar – mest frå middelklassen – som tok til å oppdage kva «The American Celebration» verkeleg har gått ut på: imperialisme, rasisme, fattigdom og arbeidsløyse.

Borgarrettsrørsla var ein hovudfaktor i den første politiseringa. Mange radikal-liberale kvite studentar engasjerte seg sommaren 1964 i arbeidet med å få registrert farga veljarar. I september vart det ved Berkley forbode å samle inn pengar til borgarrettsrørsla og å arrangere stands eller drive aktivitet som ikkje berre var «informativ», men dessutan støtta politiske retningar eller rørsler. Studentane i *Free Speech Movement* (FSM) trassa forbodet. Ved straks å tilkalle væpna politi, ga universitetsadministrasjonen ein leksjon om kva den kerrske liberaliteten duger til når han blir stilt på prøve. Studentane ved Berkley fekk i 1964/65 med eitt slag røyne på eigne kroppar at den amerikanske kapitalismen er basert på vald og at dei herskande grip til køller, tåregass og bajonetter så snart det kjem til opposisjonell aktivitet ved universiteta.

På same måten som kravet om full yringsfridom så var også aksjonsmåtane til FSM (i 1964/65) nær knytte til den radikal-liberale tradisjonen i USA: sivil ulydnad, pasifisme, fredelege demonstrasjonar, sit-ins, teach-ins, passiv motstand. Men militæraksjonane mot oppreistane til den svarte befolkninga i gettoane, folkemordet i Vietnam, den stadig aukande terroren mot alt som rører seg til venstre i Sambandsstatane har verka til at titusenvis av studentar ved universiteta er blitt medvitne, militante sosialistar.

Denne utviklinga kan også registrerast i endringar av aksjonsformene: Den idealistiske pasifismen og marsjane mot Washington har til dømes vike plass for politisk militærnekting, brenning av vernepliktkort og okkupasjonar av sesjonslokale. På grunnlag av dei praktiske røynslene er no avantgarden til dei radikale studentane i ferd med å utvikle ein revolusjonær strategi. Etter landsstyremøtet i Students for a Democratic Society (SDS er dei sosialistiske studentane sin avantgardenorganisasjon) tidleg i år, vart det kunngjort at: «... SDS ga sin fulle stønad til Black Panther Partys oppfatning at 'frigjeringa i kolonien' må følgjast av 'revolusjon i moderlandet'». (Sitert etter *Monthly*

Review, mai 1969, s. 9.) Denne meldinga gir også til kjenne eit anna viktig trekk ved opposisjonen i USA: Avantgarden til dei farga si frigjeringsrørsle spelar i dag ein sentral rolle i utviklinga av ein sosialistisk strategi.

Endå eit sertrekk ved opposisjonen i USA er organisasjonsformene. Inntil for kort tid sidan dreia aksjonane seg om einskilte saker, ikkje om strategiske mål. Det vart skipa ei rekkje ad hoc-organisasjonar og -komitear som berre hadde til oppgåve å kjempe igjennom sine spesielle saker. Berre få opposisjonelle organisasjonar er av meir permanent karakter. Eg skal nemne nokre få av desse.

Black Panther Party, uttalt revolusjonært, får stadig større oppslutning i gettoane. Alle medlemmer er farga, men organisasjonen går inn for å samarbeide med kvite revolusjonære.

Progressive Labor Party er resultatet av at «maoistane» vart ekskluderte frå det amerikanske kommunistpartiet. Dei fleste medlemmene er studentar eller akademikarar. Partiet er førebels isolert frå den kvite arbeidarklassen.

Students for a Democratic Society (SDS), studentane sin avantgarde-organisasjon, har vist store evner i utvikling av initiativ, fleksibel taktikk og strategi. SDS samarbeider med Black Panther Party. SDS-medlemmer tek seg no jobbar i industrien for å prøve å kome i kontakt med dei kvite arbeidarane.

Medan dei svarte, mexiko-amerikanarane og puertoricanarane er i ferd med å utvikle eit revolusjonært medvit, ser det ut til at ikkje berre småborgarskapet, men endå store delar av den kvite arbeidarklassen klamrar seg til reaksjonen. Den herskande klassen har visst å spele ut dei svarte mot dei kvite arbeidarane, til dømes ved å utnytte svarte som streikebrytarar. Kvite arbeidarar ser stadig dei farga som eit trugsmål mot sine egne arbeidsplassar. Men dette sakstilhøvet forklarar ikkje alt. Rasefordommane til kvite arbeidarar vitnar om kor langt på veg dei har internalisert den autoritære, rådande kulturen. Dei rasistiske trekka i den amerikanske arbeidarklassen indikerer i kor stor grad han er integrert i det etablerte systemet.

Faren for ein fascisme med dei tradisjonelle trekka er i USA openbar for alle som vil sjå. Ei hending ved Berkeley i vår kastar litt lys over den politiske stoda.

For to år sidan kjøpte Berkeley-universitetet eit tilliggande jordstykke der det grensar opp mot fattigkvartala. Arealet på ca. 150x100 meter låg brakk inntil i mai i år då nokre studentar saman med folk frå slummen laga i stand ein Folkepark av det. Universitetsadministrasjonen forbaud Folkeparken, sperra han inne med stålnetting og sette politivakter rundt han. (Grunngjevinga for dette tiltaket var at arealet skal brukast til sports plass.) Folk frå slummen og studentar samla seg i ein protestmarsj til Folkeparken med krav om at han skulle bli opna att. Eit utval sitat frå to borgarlege blad (amerikanske *Newsweek* og tyske *Die Zeit*) fortel kva som så hende:

«I sju dagar i mai var 3000 ukjende menn i uniform dei effektive herskarane over den okkuperte byen og universitetet. Soldatane og politifolka sto under kommando av to generalar og ein sheriff. ...

... styrkane omfatta Alabama County Sheriff deputies, the California Highway Patrol, Nasjonalgarden og politiet frå Oakland. ... Politiet og Nasjonalgarden nøyer seg ikkje lenger med vanleg tåregass. Dei brukar eit kjemikal som blir kalla CS – soldatane kallar det peppergass – og som hæren bruker i Vietnam. ...

Mange andre vart sjølvstekt verre såra enn eg. Dei vart både klubba ned, skotne på og gassa. Ein tjuufemårig tilskodar vart drepen av eit haglskot. ...

... politiet viste ein brutalitet som minte ein om Chicago i 1968 ... med våpen og teknikkar som jamvel ikkje styresmaktene i Chicago torde bruke: avfyring av haglskot mot flyktande menneskemengder og uvæpna tilskodarar, ... og gassing av heile gater og delar av universitetsområdet...

For politifolka er dei unge og langhåra innbyggjarane i Berkeley blitt 'niggers' som bør klubbast ned og gassast meir for det dei er enn for det dei måtte ha gjort. ...

Dei fire hundre arresterte ... vart pakka inn i trange celler. Santa Rita-fengslet ved San Francisco var ikkje innretta for ei slik massetilstrøyming. ...

Fengselsfunksjonærane let dei arresterte få ei handfast spesialhandsaming. ...

Det vart heller ikkje nekta for at det hadde føregått mishandlingar. Den ansvarlege sheriffen la fram det han meinte var ei plausibel forklaring på dette: 'Mange av mine tenestemenn har vore soldatar i Vietnam – og dei har si eiga mening om desse protestfolka. Dei trur heilt enkelt at ein må handsame dei som vietcongs.'

Gvernør Ronald Reagan forsvarte skota til politifolka. Han forsvarte bruken av eit helikopter som sprøyta ein ny tåregass – utprøvd i Vietnam – over universitetsområdet. Han forsvarte dei verjarane av ro og orden som brutalt og vilkårleg hogg laus på studentane. Og Reagan visste kvifor. Han er sikker på ein ny valseger. ...»

Sitata er henta frå: Peter Barnes, «Thoughts on Being Tear Gassed», *Newsweek*, 2/6 1969. Hans Gresmann, «Blumen gegen Bajonette», *Die Zeit* nr. 25, 20/6, 1969. Hans Gresmann «Kreuzzug gegen die Rebellen», *Die Zeit* nr. 26, 27/6, 1969.

Rune Skarstein